Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Tornastad

Emne: Veving | Bygdelag: Karmsund

Oppskr. av: Knut Stange | Gard: Stange

(adresse): Nordbø på Karmøy | G.nr. 4 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Vermor mi, frú Stina Hadland, fødd 1873, Tornastad, bondekona, var vove

SVAR

I. 1. Mannsklér var útanpåskjorte, búkse vest og tröye. Frakke var ikkje vanleg før fabrikkane tok til, far. t.d. fekk sin fyrste frakk då me fekk „avsenst" ty. Men mange hadde ei litt sid dyffelströye som dei brúka útanpå. Dei som hadde god råd fekk seg gjerne dyffelsklér til dei gifte seg, men elles var det vanleg med vadmålsklér. Til kvardags brúka dei og ofte „bússerom" [bússerull] av bomullsvund.
Vermor mi fortel at då ho var lite ~~sp.~~ kara mor hennar kvit og svart ull saman til myrkegrått, og spann varp og veft til vadmålsvevem. Og far hennar skar sjølv út og sydde kvardagsbúksene. Vadmålet vart vove i vend-firskaft-. „Stoffskjorta" (útanpåskjorta) var oftast blå. Varpet var heimefarga potteblatt pressgarn, og veften heimefarga og heimespunne potteblått ullgarn, men det hende og at dei brúka brúnsponfarga varp og veft.
~~Noko seinare tok dei til med kvit~~
Dette vart vove i tvískjeft.

9461

Noko seinare tok dei til med kvit lerefts-skjorte — men det var helst kjøpety.
Bussarullen var av pottebiått prisagarn i firskaft — vend — kommersi.

2. Kvinnekledi for 50-70 år sidan var kjole, eller helst liv og stakk. Kåper var ikkje vanleg, helst bruka dei sjal, og dei simplaste var myrk grå. Kåpene var av myrk blått vadmål, vanlegvis av "ausimot". Ullkjolane var av "stoff". Varpet var pottebiått eller brunsponforga prisagarn, og veft av pottebiått eller rosenbrunt heimespunne ullgarn. Det blå vart rekna for finast, ~~men~~ [~~Stoff vart helst vove i tvistskjeft.~~] kaffibrun renning av prisagarn med brunsponforga ull-innslag var det billigaste. Dette vart og vove i lerretsvevnad - tvistskjeft. Til sumarsbruk var det bomullskjolar, helst blå. Det var helst i lerretsvevnad.

3. a. Underbuksa var jamnast grått eller blått vadmål, og dersom dei ikkje bruka strikka bol, var det blå eller grå vadmålsskjorte. Skulde dei einkvan gongen vera sers fine, hadde dei skjorte og bukse av kvitt vadmål. Tyet var i vanleg vadmåls-vend, skulde dei spara bruka dei gjerne bomullsrenning, og skulde det vera fint og tunnt bruka dei vadmåls-tvistskjeft eller "stoff".
Namnet "stoff" brukar me om ty i lerretsvevnad-tvistskjeft — med bomullsrenning og ull innslag.

3. b. Kvinnene hadde strikka ullbol: lerefts skjorta antan av heimevove lereft eller av

3.b. Kjøpetøy. Om vinteren snørliv av vadmål eller „stoff", om sumaren av blå heimevoven bommesi. Buksa vor og vadmål eller „stoff". Understakkane vor av vadmål eller helst „stoff", grå, blå eller raude, kanhende kvit „stoffstakk med svart pynt, eller ein kvit lerefts-stakk, ofte kvit vadmålsstakk i tveskjeft (lerefts-vevnad)

4. Sengeomheng vart oftest kjøpt.

5. Laken vart antan vove i lereftsvevnad eller vend. Bomullslaken vor helst vend. Lin-laken i lereftsvevnad - av heimeavla og heime-spunne lin.

Eg trur ekkje sengeteppe vor vanleg. Men vermor fortel at heime hjå foreldri hennar hadde dei sengetepper. Det vor bomullsrenning, kvit - ~~tav~~ eller kanske blå - og tunnt blått ull-innslag i munkabelte eller tavlebragd.

Putevor og dynevor vor alltid vove i det som vert kalla dynevor-vend. Renningi vor bomull (prisagarn), innslaget tunnt ullgarn i fleire fargar, eller og bomullsgarn båe vegar. Dei vor alltid stripete. Botnen grå eller blå, stripene i raudt, gult, grønt, o. s. b. Dei finaste var kvite i botnen. Kring hundradårskiftet eller fyrr gjekk dei yver til å vera putevor og dynevor av ~~kvite~~ bomull i lerefts-vevnad. Renningi vor jamnast kvit eller blå - innslaget blått eller raudt.

Kvitlar vart vove i vadmål-vend -. Jamnast vor dei grå med raude striper i kvar ende - men dei vor og kvite.

6. Dei dukar og servettar eg kjenner til er

9461

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vovne i halvdreil eller ringvend. Renningi er oftast bomull, innslaget lin.

7. Handkle vor autan bomull renning og lin innslag, eller bomull (juisagarn) båe vegar. Dei finaste vor i halvdreil. Elles vor det i byggkorn, ringvend eller krokvend.

8. Dei eldste åkler hadde linrenning, seinare vart det bomull. Innslaget vor av plantefarga heimespunne ullgarn. Fargane her mykje vore mosebrunt i fleire nyanser, gult, kvitt, sauebrunt, pottebllått, grønt og raudt, og dei vor autan i smettvev, (rutevev) 2 skeft 2 trå, eller i krokbragd 4s. 4t.
Eit simplare slag vor „bossbreiene". Innslaget her vor ofte gråmelert fillegarn til botn, med striper i kjerringtenner av svart eller lellågrått fillegarn.
Filleryer, matter, som me segje her, vor altid vove i twiskjeft. I dei eldste matter er det linrenning, men seinare gjekk dei yver til bomull. Innslaget har autan vore filler i fleire fargar, eller og oppklipt gamal nøt til botner og farga filler til innslag. Til finare matter vart bruka ullgarn til innslag, ofte grått til botnar og farga til striper. Ull båe vegar vor sjeldnare. Oeimor fortel at ho vov ullmatter til ho gifte seg (1900). Dei vor svart- og raudrutute i ringvend. 4s. 4t. Moster mi hadde og nokre ullmatter (langstripete) i 4s. 4t, truleg vor det eit slag langstripat krokbragdveving. Fargane vor grått, svart raudt og gult. Alt i ullgarn.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9461

Nr 44 II.

II. Sovidt eg veit, har me kortje stad-eigne namn eller mönster. Dei eg har sett er temmeleg like dei eg har set andre stader.

I vadmål var det nokorlunde same fargene i renning og innslag. I kvinnestyene var sumtid innslag og renning i kvar sin farge, slik at dei vart melerte nærmast. Skjort og rutet kvinnestoy var svært sjeldan, då eg vaks upp.

Den tid „Vigsnes Kobberverk" gjikk for full drift - kring 1890 - var der „Vevskule" drive. Mange jenter frå Torvastad gjikk då der og lærte veva. Der lærte dei å veva gardiner, sengeteppe, dukar og servietter. Det vart bordteppe i broderivev t. d. - gyngestolteppe i langskjort krokbragd, rosengang m. m. Men dei fleste hadde berre dei gamaldags vevstol med 4 & 4 t - og ca 1 m. breide, so dei lått halda seg innanfor den grensa dette sette.

I gamle dagar laut dei stampa vadmål og stoff heime. Det vart då gjort på den måten at dei la „vevn" i ein stamp ~~med~~ eller kar med lunka såpevatn. So kledde tvo mann av seg nedantil, gjikk opp i karet og hoppa att og fram til tøyet var ferdig.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING